

	<p style="text-align: center;"><b>VEDTEKTER FOR SKOLEFRITIDSORDNINGA (SFO)</b></p> <p style="text-align: center;"><b>I</b></p> <p style="text-align: center;"><b>FLORA KOMMUNE</b></p>
<p style="text-align: center;"><b>§ 1</b> <b>Formål og innhald</b></p>	<p>Skolefritidsordninga er heimla i opplæringslova § 13-7:  <i>" Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7.årstrinn."</i></p> <p>SFO skal legge vekt på barna sitt behov for tilsyn, omsorg og tryggleik. Meir om innhald er beskreve i den enkelte SFO sine planar.</p>
<p style="text-align: center;"><b>§ 2</b> <b>Eigartilhøve</b></p>	<p>Flora kommune eig og driv skolefritidsordninga ved dei kommunale grunnskolane i Flora.</p>
<p style="text-align: center;"><b>§ 3</b> <b>Styring og leiing</b></p>	<p>Rektor ved den enkelte skole har det overordna administrative og faglege ansvaret for SFO. Rektor fastset organisering og bemanning i tråd med gjeldande vedtekter.</p> <p>Samarbeidsutvalet (SU), foreldrearbeidsutvalet (FAU) og skulemiljøutvalet ved den enkelte skole skal også ta i vare SFO sine interesser.</p> <p>Dei tilsette i SFO skal reknast som blant "andre tilsette" når det skal velgast representant til SU.</p> <p>Administrativ leiar for SFO har møte- og talerett i SU i saker som gjeld SFO.</p>
<p style="text-align: center;"><b>§ 4</b> <b>Opptaksmynde, framgangsmåte og opptakskriterier</b></p>	<p>Rektor ved kvar skole har ansvar for opptaket til SFO.</p> <p>Hovudopptaket skjer om våren, og det er felles søknadsfrist for alle SFO i kommunen.</p> <p>Opptak skjer ved kvar enkelt SFO, som har ansvar for å sende ut søknadsskjema.</p> <p>Alle som søker får tilbod om plass.</p> <p>Tilbodet om SFO gjeld alle barn på 1.-4.trinn. For barn med særskilte behov gjeld tilbodet t.o.m. 7.trinn.</p> <p>Opptaket gjeld for eit år om gangen.</p>
<p style="text-align: center;"><b>§ 5</b></p>	<p>Ein har plass i SFO til det ligg føre skriftleg oppseiing.</p>

<p><b>Endringar og oppseiing</b></p>	<p>Det er ein månads oppseiing i SFO i Flora kommune. Oppseiingstida vert rekna frå den 1. i månaden etter motteke oppseiing. Plassen kan nyttast og må betalast for i oppseiingstida.</p> <p>Det er ikkje høve til å seie opp plassen etter 1.april.</p> <p>Manglande betaling for 2 månader fører til oppseiing av plassen. Dette vil bli varsla skriftleg. Krav på uteståande vert kravd inn.</p>
<p><b>§ 6 Foreldrebetaling og finansiering</b></p>	<p>Flora kommune dekkjer kostnadar knytt til lokale, utstyr, uteareal og administrasjon. Foreldrebetaling dekkjer løn, materiell, mat og ulike aktivitetar.</p> <p>Om innbetalingsblankett ikkje er motteke innan 1-ein- månad etter at barnet er begynt i SFO, må det gis melding om dette til skolen.</p>
<p><b>§ 7 Opningstider og ferietilbod</b></p>	<p>SFO har opningstid før og etter skoletid, med lokale tilpassingar. Ein kan velge mellom fire ulike alternativ på opphald: A-tilbod: før og etter skoletid B-tilbod: etter skoletid C-tilbod: inntil 11 dagar pr. mnd. før og etter skoletid D-tilbod: inntil 6 dagar pr. mnd. ( betaling pr. dag)</p> <p>SFO føl skoleruta. Flora kommune har eit samordna ferietilbod i haust- og vinterferiar, to veker etter skoleslutt om sommaren og 1-2 veker før skolestart i august. Det samordna ferietilbodet er etter bystyrevedtak 036/07 lagt til Florø barneskole.</p>
<p><b>§ 8 Bemanning, personale og kompetanse</b></p>	<p>SFO skal ha ei bemanning som er tilstrekkeleg til at tenesta kan drivast på forsvarleg vis, minimum ein vaksen pr.10 - 12 barn. Ein må vurdere bemanninga ut frå lokale behov, som plassering av lokale, samansetjing av barnegruppa, tryggleik m.m. Dersom det er mange barn med særskilte behov, kan det vere trong for å styrke bemanninga/ eller ha særskilt kompetanse i personalgruppa.</p> <p>Administrativ leiar av SFO bør ha pedagogisk kompetanse eller anna relevant utdanning. Dei som skal tilsetjast i SFO bør ha utdanning innan barne- og ungdomsarbeid eller anna relevant utdanning.</p> <p>Personalet i SFO er underlagt forvaltningslova sine reglar om teieplikt; §§ 13- 13f. Ved tilsetting må det leggst fram politiattest jfr. opplæringslova § 10-9</p>

<p><b>§ 9</b> <b>Leike- og opphaldsareal</b></p>	<p>SFO bruker skolen sitt areal ute- og inne.</p> <p>Areala ute og inne skal vere tilpassa dei aktivitetane som går føre seg der.</p> <p>SFO er underlagt opplæringslova §9a som omhandlar elevane sitt skolemiljø og Forskrift om miljøretta helsevern i skular.</p>
<p><b>§ 10</b> <b>Skyss</b></p>	<p>I følgje opplæringslova §7-3 vert det ikkje gitt skyss til og frå SFO.</p> <p>Unntak er barn som på grunn av funksjonshemming eller sjukdom, har behov for skyss. Retten omfattar ikkje skyss i skuleferiane. Retten til skyss gjeld uavhengig av avstanden mellom heimen og SFO.</p>
<p><b>§ 11</b> <b>Forsikring</b></p>	<p>Barn i SFO kjem inn under same forsikringsordning som Flora kommune har for elevar i grunnskolen.</p>
<p><b>§ 12</b> <b>Klage</b></p>	<p>Enkeltvedtak gjort på bakgrunn av desse vedtektene kan påklagast etter reglane for forvaltningslova.</p> <p>Rektor på den enkelte skole er klageinstans for vedtak gjort etter desse vedtektene.</p> <p>Klage på innhaldet i SFO rettast til rektor.</p>
<p><b>§ 13</b> <b>Iverksetjing og endring av vedtektene</b></p>	<p>Vedtektene vert sett i verk den 01.11.2014 og erstattar tidlegare vedtekter frå 1998 og 2007.</p>